

ÅRSMELDING FOR
MELAND KYRKJELYD
2018



Innheld

Innleiing.....	3
Soknerådet	3
Møter og sakshandsaming	3
Viktigaste saksområda i soknerådet i 2018.....	3
Tilsette og stillingar	5
Bygg og anlegg.....	6
Planlegging av ny kyrkjegardsutviding	6
Planlegging av ny kyrkje på Frekhaug	6
Økonomi.....	7
Statistikk.....	8
Kyrkjelydsarbeid og trusopplæringstiltak	9
Enkelttiltak	10
Konfirmantar	12
Fasteaksjonen	12
Søndagspuls	12
Skrul	12
Leiartrening	12
Løvegjengen (søndagsskulen)	12
Babysang/småbarnstreff.....	13
Yngres	13
Diakoni	13
Kontakt.....	14
Musikklivet i kyrkjelyden.....	14

Innleiing

Soknerådet, staben og kyrkjelyden har i 2018 jobba vidare med kyrkjesaka og har av den grunn vore meir enn vanleg i media. Samanslåinga av kommunane kjem nærare og nærare og arbeidet med det har krevd mykje innsats. Meland fekk ny sokneprest i haust, men lukkast ikkje i å få tak i spesialprest i første omgang. Stillinga vart lyst ut på nytt før jul.

Soknerådet

Meland sokneråd har i 2018 vore samansett av følgjande faste medlemer:

- Regine Sagstad Berg (leiar)
- Ingunn Reigstad (nestleiar)
- Andreas Westermoen
- Brigt Roar Skeie
- Andreas Sagstad Berg
- Bent Gunnar Næss

Vara:

- Per Audun Heskestad (1.vara - møter fast)
- Synnøve Kårstad Ryland
- Anne Kjersti Tveiten Erikstein
- Aslaug Cecilie Sæle Miljeteig
- Torbjørn Bøen

Sølvi Gripsgård Knudsen er kommunal representant og Marit Jøssang er vararepresentant. Kommunen sin representant deltek i handsaming av fellesrådssaker.

Møter og sakshandsaming

Det vart gjort 15 soknerådsvedtak og 20 fellesrådsvedtak.

Årsmøte var på Møteplassen 22.4.18.

Viktigaste saksområda i soknerådet i 2018

I 2018 som i 2017 har det vore jobba mykje med å få på plass eit vedtak om ny kyrkje på Frekhaug. Sokneråd og stab brukte meir ressursar på å vere synlege med informasjonsarbeid i media, med mellom anna fleire debattinnlegg, debattkveld, informasjons- og visjonskveld.



Bilde - 1 - Visjonskveld hausten 2018

8 NYHETER

Meland-politikarane vedtok ungdomsskule og ny kyrkje

Pris: 270 millionar

Eit år før Meland går inn i Alver kommune vil dei investere 270 millionar kroner i ny ungdomsskule og kyrkje.

THEIR ROGER NYDAL

Det folklorde i Meland har baka gjenom at dei vil bygge både ein ungdomsskule til 200 millionar kroner og ny kyrkje til 70 millionar kroner. Kommunen nesystet har tatt desse til investeringane med i økonomiplattformen.

Gymsal og symjehall

Før tilleggsframleggjøringa, sette vidare av høgskolen har byggest og drivset i samarbeid med private aktørar:

I det vorende tilleggsframleggjøringa vart også lagt til grunn at det blir etablert grunnskole og attraktive bustader i og ved dagens ungdomsskule.

Ville utsætte ny kyrkje

Kommunestyret var i tillegg framleggjøringa vilt også legg til grunn at det ikke må gjennomførast i samarbeid med private aktørar:

I det vorende tilleggsframleggjøringa vart også lagt til grunn at det blir etablert grunnskole og attraktive bustader i og ved dagens ungdomsskule.

Skaper debatt: Har Meland behov for ei ny kyrkje? Det spørsmålet skaper mykje debatt i Meland. I der siste kommunestyremøtet før sommarferien vedtok et flertal frå Høgre, FrP, Sp og Krf vart tilleggsforslaget om ny ungdomsskule og kyrkje. Ap ønskte å utsætte ny kyrkje, men fekk berre med seg Mdf på forsøket.

ARBEIDSTOG: MORTEN SÆLE

Det blei vidare med å få på plass kommunestyret for økonomiplan-skoletilordninga og bot belønninga av budsjettet for 2019.

På vegne av AP kom Anne Grete Eide med framlegg om at Rådmannen blir bedøm om at

og ikke klam til kommunen er påklaud til å lære eleverne å svømmere. Og det funker vel svært dårlig i en skole som har eit godt tilbud til idrettsaktivitetar. Skole og badeanlegg og idrettssong og annen utromsing for ikke lenger i det heile tali næren...

«Med ein stor tilbyttning og utbyggning av ungdomsskulen så er det viktig at vi har varme og hyggelige lokaler til å trenge ja... På den og bygge ny ungdomsskule kanskje

NINA ALMUNDSEN

på kirkjen vi har. Vi skal jo bli en kommune så kirkene blir viktige for oss alle som vil til å bruke dem også etter at vi har sluttet med vår kyrkje. Bruk pengar på vei til skole og idræt.»

KAROLINE VANDER

«Med ein stor tilbyttning og utbyggning av ungdomsskulen så er det viktig at vi har varme og hyggelige lokaler til å trenge ja... På den og bygge ny ungdomsskule kanskje

NØYDE på høymøtet som blei holdt i salen og huske det ved neste høymøte.

ALB VIKEN MÅLVERN HØST

«Tut! Linda har gjort omlag det same.»

Stein Arve

«NØYDE på høymøtet som blei holdt i salen og huske det ved neste høymøte.

Greteh Øen

«Med etter kirkene? 70 millionar? Den fattigste kommunen etter regionale mål. Jeg håper ikke at det blir gitt. Stigge til Ann skjekket og Ig starta et spa anlegg på Meland! Da treng me etter ein hard dag! Flott!»

Daniel Nilssen

«Hva i alle dager har formuftentatt veien?» Etter at han hadde betyrt gjengen at han ikke kunne starte med 0 pengar igjen fra Melands side. «No kan vi ikke få 270 millionar til etter ikkje,» sier Høgda det no vore ein formell brukt. Kalla sâtteng kramperrekningar, og eit spørsmål leggs til: «Hva skal vi gjøre når vi lett har røta oss inn i...»

Christin Hayrett Olliend

«Meland har vore i bedøvelsommeste for de ha ha vore inn det er pengar å bestale for. Nå vil de ha mer på befolkning og de øvrige kommunene må ha det like godt.»

Holvard Gjerkhaugen

«Minne om alle sjemmen som nettopp har fått lemmingspossem på. Vi har vært skuffet over mykje tilgang til kyrkjene, og vi vil få tilgang til en framtidig ny kyrkje.»

Tove Franzen

«Gymnasialt bussing? Nei takk! Enda en kyrkje? Ja takk! Hvor føresamt fyrstusett!»

Harald Breivik

«Ny kyrkje til 70 millionar kroner. Tirk og nye Kommunen kunne ha gjort med de andre. Er jo heldt stengt i 10 år. Etter mykje tilgang til Meland. Klukke vort gøy hvis det nye kommunestyret ikke stengt ned den nye kyrkja. Det er også viktig at den stente for ny kyrkje får en dundrars smekk på fingerne ved nestkomlig. Takk til Meland og som var med på dette. Og alt frå har sagt ja til den kirkjen er jo helt ubegripeleg.»

Geir Helge Nordvik

Skjermdump fra Facebook

Bilde - 2 Frå ein av fleire artiklar i Strilen som også viser utdrag frå debatten som føregjekk på Facebook



Bilde - 3 Frå intervjuet med Strilen i oktober 2018. Foto: Anne Lise Nordpoll, Strilen

Tilsette og stillingar

Namn	Stilling	Stillings-prosent	Kommentar
<i>Bispedømetilsette</i>			
Torbjørn Aamli	Sokneprest	50%	Slutta 30.04.18
Helge Hitland	Vikarprest	100/70/60%	
Bjørn Tore Sæle	Sokneprest	100%	Starta 1.8. Innsetjing 24.6
<i>Tilsette i Meland sokn</i>			
Anne Sofie Nergård Uthaug	Kyrkjeverje	100%	
Junji Furukawa	Kyrkjetenar	50%	
Linda Gripsgård Lunga	Konsulent	80%	+ prosjektstilling 15% Alver
Trond Fykse	Kyrkjelydsmusikar	100%	
Ruben Sæle	Diakon	80%	+ 20% diverse vikariat/prosjekt
Anne Marit Fosse Dahle	Kyrkjelydsmedarbeider	80%	
Eva Kristin Dale Wessman	Barnarbeidar	20%	Slutta 31.07
Stine Karin Sæle	Husgruppekoordinator	20%	Slutta 31.07



Bilde - 4 Dåværende prost Geir Sørebø takkar av Torbjørn Aamli

Bygg og anlegg

På kyrkja vart det gjort noko ytre vedlikehald med utskifting av vassbord i 2018.

Kyrkestova fekk nytt skifertak. Det gamle taket hadde lekkasje, og det viste seg at den gamle skiferen var i ein slik tilstand, då den vart teken ned, at han ikkje kunne leggast på att. Kommunen gav ei ekstraløyving og ny skifer vart lagt på taket.

Planlegging av ny kyrkjegardsutviding

Ny kyrkjegardsutviding er under planlegging. Det siste året har det vore i gang eit arbeid med reguleringsplan, firmaet Asplan-Viak lagar planen på oppdrag frå kommunen. Utvidinga vil bli aust og sør for den siste utvidinga frå 2005, med ny veg opp.

Planlegging av ny kyrkje på Frekhaug

I 2018 vart det lagt ned mykje arbeid i kyrkjesaka. Våren 2018 avslutta kommunen forhandlingane med tomte-eigaren for tomta ved Gløde, med negativt resultat. Kommunen foreslo ny plassering av tomt i Langelandsskogen eller Frekhaug nord, som det vart utarbeidd reguleringsplan for.

I juni vart kyrkjeprosjektet vedteke med i økonomiplan for 2019-22. I august vart det gjort likelydande vedtak i formannskapet og Meland sokneråd om ein avtale om bygging og finansiering. Vedtaket i kommunestyret vart utsett til budsjetthandsaminga i desember. Budsjettarbeidet utover hausten viste at kommunen kom i ein vanskelegare økonomisk situasjon enn ein rekna med tidlegare. I budsjettmøtet i desember vart difor kyrkja ikkje med vidare i økonomiplanen for dei nærmaste åra. Men det vart sett av pengar til planlegging og innkjøp av sentrumsareal.



Desse prosessane har krevd mykje arbeid for sokneråd, kyrkjeutval og tilsette. Ut over hausten måtte det gjerast ein stor innsats på informasjonfronten for å skape forståing for behovet både mellom publikum og politikarar. Det gjenstår nok mykje arbeid her. Behovet for ny kyrkje er veksande.

Meir informasjon om kyrkjesaka finn du på:


<https://kyrkja.no/nn-NO/fellesrad/melandkyrkja/nyhetsarkiv/informasjon-om-ny-kyrkje/>

Økonomi

Driftsrekneskapen for 2018 syner eit mindreforbruk (overskot) på kr 603 913. Det skuldast i hovudsak at ein brukte mindre enn planlagt på lønn.



Gåver og offer til eige arbeid viser ein *svak negativ utvikling*. Når ein ser det i samanheng med at lønnsutgifter, og kostnader for varer og tenester alltid aukar, er dette ei utvikling som ikkje er bra på sikt.



2016 og 2017 hadde ekstra tilskot mellom anna på grunn av jubileum og innsamling til piano. 2018 er meir eit «normalt» tilskotsår.

Statistikk

Tabell 1 - Gudstenestetal og oppmøtte

Kva	2018	2017
Tal på gudstenester søndag og helligdagar	57	59
Frammøtte på gudstenester søndagar og helligdagar	6597	7070
Snitt frammøtte på søndagar og helligdagar	116	120

Totalt tal gudstenester i Meland	75	78
Samla tal frammøtte alle gudstenester	9639	9881
Gjennomsnitt oppmøte alle gudstenester	129	127
Tal totalt til nattverd	2933	2982
Tal på gudstenester med nattverd	42	47
Snitt nattverddeltakarar pr. nattverdgudsteneste	70	63
Utmeldingar	29	48
Innmeldingar	0	4
Dåp: 64 av totalt årskull 68 (født i 2018, busett i Meland, iflg e-kirkebok)	64	83
Konfirmerte: 62 av totalt årskull 84 (født i 2003, busett i Meland, iflg e-kirkebok)	62	59
Vigsel: 13 + 1 forbøn for borgarleg inngått vigsel	13	10
Gravferder	32	44
Søndagsskule / Løvegjengen*	80	65
Institusjonsandakter	45	68*

*Usikkert om oppteljing vart gjort likt i 2017 og 2018.

Kyrkjelydsarbeid og trusopplæringstiltak

Det er framleis god drift på det frivillige arbeidet i kyrkjelyden som roseprosjektet, open møteplass, norsk-kurs og tilhøyrande internasjonalt arbeid. Det vart starta meir bønearbeid i 2018 med bønesamlingar i kyrkja.



Bilde - 5 Flinke gutar på Lys Vaken som er med å eksperimentere saman med sokneprest Bjørn Tore

Enkelttiltak

Vi gjer også dette året gode erfaringar med å løne folk utanfor staben for å vere med på enkelttiltak i trusopplæringa. Dette tar vekk litt av presset på staben. Vi har i fleire år vore underbemanna, og har difor heller ikkje fått starta opp fleire tiltak, noko vi sjølv sagt hadde ønska.

Tabell 2 - Oppmøtetal

Kva	Deltakarar 2018	Deltakarar 2017
Lys Våken	13	11
Tårnagent	11	-
Ranselbøn	6	-
4-årsbok	35	32



Bilde - 6 Frå gudstenesta med ranselbøn



Bilde - 7 Drama på palmesøndag



Bilde - 8 Spente barn som får være med i prosesjon, Lys Vaken

Konfirmantar

Dette er det andre året vi brukar det nye konfirmantopplegget, med kortare leir og meir av undervisninga lagt til vanlege kvardagar, og vi opplever at det fungerer veldig godt. På tross av mykje utskifting i ansvaret for konfirmantarbeidet, har dette gått svært bra. Vi hadde eit positivt og flott konfirmantkull i 2018, både på Rossland og Frekhaug. Det var 62 konfirmantar i alt.

Vi har hatt 8 heimegrupper for konfirmantar dette året, og har fått gode tilbakemeldingar på gruppene, både frå konfirmantane og heimegruppeleiarane.

Fasteaksjonen

Fasteaksjonen vart arrangert 18. mars i samband med gudstenesta. Det blei jobba for å skape engasjement rundt aksjonen i kyrkjelyden slik at fleire deltek i tillegg til konfirmantane som gjekk med bøsse som ein del av konfirmantopplegget. 44 av 75 roder blei dekka.

Søndagspuls

Eige opplegg for ungdom under preika i gudstenesta. Det var tilbod om dette 4 gonger gjennom 2018. To av dei var i samband med leiartreningskursa.

SKRUL

Meland sokneråd samarbeider med Frekhaug indremisjon (FIM) om oppfølging av SKRUL (ungdomslag) på Frekhaug bedehus. Frå hausten 2018 overtok diakonen denne rolla frå husgruppekoordinatoren, og nyttilsett pastor i FIM kom også inn i arbeidet. SKRUL har ope kvar laurdag kveld, men det har ikkje vore så godt besøkt som tidlegare år. Det har blitt jobba med å få med vaksne som kan steike burgarar og vere til stades.

Leiartrening

Det har vore to leiartreningskurs i 2018 med til saman 7 deltakarar. Fleire av deltakarane har vore med på Lys Vaken og konfirmantleir etter kursa.

Løvegjengen (søndagsskulen)

På grunn av for få leiatarar har Løvegjengen måtte slå saman gruppene nokre søndagar. Det har vore godt oppmøte på Løvegjengen, og enkelte søndagar har «løvehola» vore fylt til randa.



Bilde - 9 – Tårnagent og Lys Vaken-jenter

Babysang/småbarnstreff

Vårsemesteret var veldig godt besøkt, med eit snitt på over 20 babyar, pluss vaksne. Hausten var det litt færre, eit snitt på ca. 12 babyar.

Helga Stokke har vore med som frivillig medhjelpar. I tillegg har ei dame frå Irak (Bahria Shaukat) vore i språkpraksis dette året, både på småbarnstreff og Open Møteplass og ho har vore til stor hjelp med dei praktiske oppgåvene.

Yngres

Meland kyrkje og Frekhaug Indremisjon samarbeider om tiltaket Yngres. I 2018 har det vore 17 Yngressamlingar på Frekhaug Bedehus. Samlingane har vore annankvar fredag, utanom i feriane. og er for barn frå 5. klasse til og med 7. klasse. Hausten 2018 kom det mange nye barn frå 5. klasse. Før sommaravslutninga 2018 fekk alle frå 4. klasse, registrert i den norske kyrkja i Meland, invitasjon til sommaravslutninga i posten, samt invitasjon til oppstart på Yngres etter sommarferien. Generelt har det vore svært godt oppmøte i 2018. I hausemesteret var det mellom 40 og 80 barn på kvar samling. Hausten 2018 var det behov for seks leiarar på kvar samling. Ein har måtte be Frekhaug indremisjon om å få nytte salen oppe til andakt og nokre aktivitetar på grunn av at det har vore så mange barn.

Diakoni

Kyrkjelyden har hatt desse diakonale tiltaka:

- Open møteplass kvar måndag, onsdag og torsdag
- Roseutdeling til jubilantar over 80
- Norskkurs og internasjonal kafé: Hausten 2018 var dette tilbodet på måndagar frå kl 19.00, men etter hausteren byta ein tilbake til onsdagar kl 19.00. Det har vore litt lavare oppslutning mot slutten av året. Fleire deltakarar har fått jobb el. andre ting som gjer at dei ikkje har høve til å delta, og det har ikkje kome så mange nye til.
- Kyrkjelyden samarbeider med Røde kors og Meland frivilligsentral om ei besöksteneste

- Diakonen har gått inn i eit samarbeid med helsesjukepleiarane i kommunen om å tilby samtaler til ungdom.

Kontakt

Kontakt kom ut på andre året i fellesblad-opplegget. Ny fellesredaktør er Gunvor Taule Mjanger, og bladet har eit felles styre. Lokalredaksjonen har fått eit nytt medlem, Torbjørn Bøen, medan Stine Karin Sæle har vorte betalt på timebasis for å vere lokal redaktør. Gåveinntektene til Kontakt har gått nedover år for år. Det har gått litt ned med fellesannonser, men det kjem inn mykje meir i fellesannonser. Alt i alt gjekk Kontakt med eit underskot på ca 15.000 kroner.

Til samanlikning har dei andre to blada i samarbeidet eit overskot, men dei distribuerer bladet på dugnad og redaktørjobben blir gjort på dugnad/av fast tilsett.

Musikklivet i kyrkjelyden

Forsongarar, solistar, kor, korps og band har teke del ved gudstenester og konserter i 2018. Året har vore prega av jamt og godt arbeid med musikken i kyrkjelyden. Dette året vart diverre Octavia lagt ned med årsak i lågt medlemstal. Vi vil takka Octavia og dirigent Erin B. Åserud-Løvlid for flott innsats gjennom 15 år.



Bilde - 10 Sondre Blom med nydelege tonar 1. påskedag

Tusen takk for alt frivillig engasjement og for samhald i kyrkjelyden!

